

Helsefelleskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



Protokoll		
Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval	
Møteleiar:	Tanja Thalèn	
Referent:	Eli Otterlei	
Møtenummer:	5/2024	
Dato:	18.12.24	
Tid:	0830-1130	
Stad:	Teams	
<i>Vara medlemar møter berre ved særskilt innkalling.</i>		
Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Ottar Røyset	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune	x
Siv Jensen, nestleiar SSU	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikkk Volda sjukehus	x
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	x
Jørn Åge Longva	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	x
LSU Molde		
Tanja Thalén, Leiar SSU	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	x
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikkk SNR Molde sjukehus	x
LSU Kristiansund		
Geir Nilsen	Nestleiar LSU Kristiansund, einingsleiar Aure	x
Gudrun Karlsen	Leiar LSU Kristiansund, prosjektleiar DMS Kristiansund	x
Brucarrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	x
Brucarrepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	x
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Samhandlingsoverlege HMR	x
Thilde Svela, fast vara	Fastlege Molde kommune, samhandlingslege	x
Observatør Statsforvaltaren		
Karin Müller Mikaelson	Leiar helse og omsorg. Statsforvaltaren.	x
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Nestleiar Felles samarbeidssekretariat Samhandlingssjef HMR	x
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	x

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Bjørn Buan	Nordmøre IPR	x
	Romsdal IPR	
Bodil Haugen Våge	Leiar Felles samarbeidssekretariat Kommunalt sekretariat (SR) Rådgjevar Helse Ålesund kommune	x
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (SR) og "7 stjerna"	x
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	x
Gjestar:		
Gunn Hege Marchand	Seniorrådgjevar i Helse-Midt	x
Helge Storøy	Direktør for e-helse og teknologi HMR HF og ansvarleg søker prosjekt "Samhandlingsoptimalisering i Helseplattformen"	
Siv Iren Stormo Andersson	Kommunalsjef Kristiansund kommune	x
Odd Arne Maridal	IKT-sjef e-helse og teknologi HMR HF	x
Ann Kristin Røyset	Verksemdsleiar Sandøy omsorgsdistrikt og innføringsleiar Helseplattformen i Ålesund kommune	x
Unni Arnestad	Kvalitetsrådgjevar helsetenesteutvikling HMR	x

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Saksliste

Sak nr.	Sak	Tidsplan	Ansvarleg
41/24	Velkomne! Innkallinga vart godkjend. Eventuelt: Vurdere medlemene i SSU sin habilitet i forhold til behandling av søknadar om rekrutterings- og samhandlingstilskot. Saka vart behandla under sak 43/24. Protokoll frå førre møtet vart godkjend. Du kan lese det HER	0830	Tanja Thalén
42/24	Regionale samhandlingsmidlar i regi av HMN RHF SSU si behandling av sak 42/24 18.12.24 Behandling Seniorrådgjevar i Helse-Midt Gunn Hege Marchand presenterte saka. Det er oppretta eit regionalt samhandlingsbudsjett for 2025 på kr. 5.000.000,-. Samhandlingsprosjekt som bidreg til å nå mål i Regional utviklingsplan, Nasjonal helse- og samhandlingsplan og/eller oppdragsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet kan søkje om midlar frå Helse Midt-Norge RHF. Dette kjem i tillegg til dei nasjonale rekrutterings- og samhandlingsmidlane. Sjå utlysing og kriterier for tildeling av dei regionale samhandlingsmidlane her Vedtak SSU tek orienteringa om nye regionale samhandlingsmidlar for 2025 i regi av Helse Midt Norge HF til vitande.	0840- 0910	Gunn Hege Marchand
43/24	Søknadar om rekrutterings- og samhandlingstilskot SSU si behandling av sak 43/24 18.12.24. Behandling	0915- 1015	Tanja Thalén Prosjektansvarlege



<p>Leiar av strategisk samarbeidsutval Tanja Thalen la fram saka.</p> <p>Innleiingsvis vurderte SSU sin eigen habilitet i forhold til tildeling om rekrutterings- og samhandlingstilskot.</p> <p>Sak om rekrutterings- og samhandlingstilskot har innleiingsvis vorte handsama i møte i SSU 11.09.2024, sak 24/25 og 16.10.24, sak 35/24. Ein føreset difor at informasjon om regjeringa sin intensjon med tilskotsordninga er kjend og at SSU er kjend med kriterier og vilkår for tildeling i Helsefelleskap Møre og Romsdal basert på nasjonale føringar.</p> <p>Det kom inn to prosjektsøknadar innan fristen 01.12.24. Prosjekta vart presentert av dei ansvarlege søkarane</p> <ol style="list-style-type: none">1. PSHT Møre og Romsdal v/Gudrun Karlsen2. Samhandlingsoptimalisering i Helseplattformen v/Helge Storøy, Siv Iren Stormo Andersson, Odd Arne Maridal og Unni Arnestad <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none">SSU vurderer at alle medlemene i SSU er habile i forhold til behandling av søknadar om rekrutterings- og samhandlingstilskot.Gudrun Karlsen har bedt om vurdering av sin habilitet fordi ho står som ansvarleg søker for prosjekt PSHT Møre og Romsdal. SSU vurderer at Gudrun Karlsen er inhabil.Søknad om rekrutterings- og samhandlingsmidlar for prosjekt PSHT Møre og Romsdal innvilgast med kr.		
--	--	--

Helsefelleskap Møre og Romsdal



	<p>6.105.000,- for året 2025. Det må fremjast ny søknad om tilskot for året 2026.</p> <p>SSU oppmodar Prosjekt PSHT Møre og Romsdal til å involvere sjukehus og kommunar på Søre Sunnmøre og resterande kommunar på Nordre Sunnmøre ved vidare søknad.</p> <p>4. Søknad om rekrutterings- og samhandlingsmidlar for prosjekt Samhandlingsoptimalisering i Helseplattformen innvilgast med kr. 3.812.000,- for året 2025 og kr. 3.812.000,- for året 2026.</p>		
	Beinstrekk		
44/24	<p>Retningslinje for Felles handlingsplan - Oppfølging av Sak 27/24, SSU 11.09.24 SSU si behandling av sak 44/24 18.12.24</p> <p>Behandling Det refererast til vedtak i sak 27/24 i SSU 11.09:</p> <ol style="list-style-type: none"><i>1. Utvalskritarier for tiltak som krev finansiering i form av det nasjonale rekrutterings- og samhandlingstilskot skal takast med i arbeidet for utarbeiding av rettleiar og mal for tilskotet, ref. SSU sak 25/24 (11.09).</i><i>2. Det skal utarbeidast ei retningslinje som tydeleggjer korleis helsefelleskapet arbeider med evaluering, statusrapportering og revisjon av Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09).</i><i>3. Det skal utarbeidast ei retningslinje for FSUane i den hensikt å velje ut og spisse tiltak for Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09).</i><i>4. Nestleiar og leiar for SSU utarbeider retningslinjer som beskrive i vedtak 2. og 3.</i>	1055-11:20	Tanja Thalén og Siv Jensen

Helsefelleskap Møre og Romsdal



	<p>Leiar og nestleiar i SSU har no ferdigstilt ei retningslinje jf. punkt 2. og 3. som dei la fram for SSU.</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none">1. SSU godkjenner forslag til felles retningslinje for felles handlingsplan Helsefelleskap Møre og Romsdal slik den ligg føre, med atterhald om endeleg godkjenning av Revidert samarbeidsavtale gjeldande frå 1.1.25.2. Samarbeidssekretariatet kunngjer vedtaket til dei faglege samarbeidsutvala og til LSUane.3. Samarbeidssekretariatet ser til at retningslinjene kjem fram i komande handlingsplanar for dei faglege samarbeidsutvala og tek saka attende til SSU i 2025.		
45/24	<p>Møter 2025 – planlegging SSU si behandling av sak 45/24 18.12.24</p> <p>Behandling Helsefelleskap Møre og Romsdal står overfor ei ny konstituering i alle utval på alle nivå då 4-årsperioden for deltaking i utval er fullført 31.12.24. Fyrste møtet i SSU er planlagt 05.02.25. Hovudsak i dette møtet blir konstituering, men dette avhenger av om dei lokale samarbeidsutvala har rukke å konstituere seg. Tentativt er det planlagt eit fysisk møte i SSU den 26.02.25 der medlemar i det nye og gamle utvalet deltek.</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none">1. SSU ber sekretariatet om å sende ut innkalling til dei to fyrste møta for året 2025.	11:20- 11:30	

Helsefelleskap Møre og Romsdal



	2. SSU ber sekretariatet om å sette opp tentative datoar for møter i SSU for resten av året 2025.		
	Takk for møtet!	1130	Tanja Thalén

Helsefelleskap Møre og Romsdal

